

VALPROGRAM 2019-2023

FOR MENNESKER OG MILJØ I SURNADAL

Lokalprogram MDG Surnadal 2019-2023

Miljøpartiet Dei Grøne sitt mål er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien skal vere underordna sunne økologiske prinsipp og fremme fred og rettferd, både lokalt og globalt. Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak basert på lokale ressursar, er ein føresetnad for å nå målet



Vår politikk vil du kjenne att i tre hovudemne:

Livskvalitet: Vi vil ha eit samfunn der folk har meir tid til kvarandre heller enn å jage etter meir forbruk.

Klimasmart samferdsel: Gjera det best å velje miljøvenleg transport.

Berekraft: Omstilling til ei fornybar framtid med økologisk berekraft må starte no.

Gje Surnadal Kommune ansvar for sin del av klimakampen!

MDG Surnadal vil:

- vedta forpliktande klima- og energiplanar, og klimabudsjett
- at nykjøp/leasing av bilar til kommunen bør vera elbilar eller andre bilar med lågt utslepp, og etablere ladestasjonar på alle offentlege arbeidsplassar.
- satse på sykkel, gangvegar og betre kollektivtransport
- stille krav til busselskap og drosje-næringa om teknologi som gir låge utslepp
- ta i bruk alle eigna kommunale tak til solenergi
- seie nei til vindkraftutbygging i urørt natur
- slutte med eingongsplast
- at alle kommunale nybygg skal BREEAM-sertifiserast
- at flest muleg kommunale einingar blir miljøsertifisert
- arbeide for å unngå auka bruk av snø-skuter, og forbod mot vass-skuter

Ta vare på biomangfaldet i kommunen

MDG Surnadal vil:

- ha nullvisjon for tap av artsmangfald, og verne om bier og innsekt
- at kantslått langs vegar skal spille på lag med biomangfaldet og trafikkikkerheita
- auke kunnskapsnivået for å kunne redusere sprøytemiddelbruken i kommunen og auke bruken av norske fôrressursar
- seie nei til nedbygging av matjord, og arbeide for auka sjølvforsyning og mattryggleik
- stimulere jordbruket til større del økologisk drift
- styrke vernet av skog, våtmark, havbotn og andre artsrike biotopar
- ha klare retningslinjer om plukkhogst og økologisk berekraftig drift i skogbruket
- stille krav til utbyggjarar for at biomangfaldet skal ivaretas rundt nye hyttefelt, bustadfelt og næringseigedomar
- at folk skal bli glad i naturen, og støtte lag og foreiningar som legg til rette for friluftsliv
- ha tiltak mot spreiding av miljøgifter
- bidra til utrydding av framande artar i naturen
- at delar av sommararbeid for ungdom skal vere arbeid med biomangfaldet i kommunen
- opprette fleire slåtteeinger i kommunen

Trygg oppvekst med trivsel og aktiv læring

MDG Surnadal vil:

- ha trivsel og inkludering for elevar og lærarar i fokus og fortsette med MOT-arbeid på ungdomsskolen
- arbeide for at skular brukar læringsplattformar som er reklamefrie
- styrke innsatsen for kulturarbeid og skulehagar i samarbeid med lokale aktørar over heile kommunen
- oppretthalde støtte til "Den kulturelle skulesekken"
- ha økologisk frukt og grønt-ordning på alle skulane

- styrke faglege nettverk mellom skular og bedrifter
- støtte frivillige organisasjonar sitt arbeid med aktivitetar for barn
- ha utvida opningstid i svømmehallen i skuleferiane
- innføre bilfrie og trygge soner kring skulane
- gi tilskot til familiar som vil bruke tøybleier

Ta vare på folkehelsa

MDG Surnadal vil:

- legge til rette for sunn livsstil og førebygging av sjukdom
- vi vil at legane held fram med å bruke grøn resept, og reetablere frisklivssentralen
- sikre tilstrekkeleg med omsorgsbustadar
- styrke ordninga med Den kulturelle spaserstokken
- støtte frivillig arbeid i helse- og omsorgssektoren
- styrke og sikre et godt integreringsarbeid for kvoteflyktingane som kjem til bygda
- bygge trygge gang- og sykkelveggar i heile kommunen
- oppretthalde og arbeide for spreidd busetting i kommunen.
- bygge elvepromenade langs Surna

Støtte opp under eit mangfaldig og inkluderande kulturliv

MDG Surnadal vil:

- støtte frivillig arbeid og kulturarrangement
- at kulturskulen held fram å vere eit allment tilbod
- utvikle bibliotektenesta, samt oppretthalde noverande bemanning ved biblioteket på Skei
- støtte kulturprosjekt kor innvandrarak deltek med sine tradisjonar, og gje dei kjennskap til norske
- behalde og støtte drift av kinoen

Bygge opp under ein sterk frivillig sektor

MDG Surnadal vil:

- stimulere til auka samarbeid mellom offentleg sektor, private og frivillige
- gi frivillige organisasjonar gratis eller rimelege møtelokale, også i kulturhuset
- ha støtteordning til lag og organisasjonar som bidreg i kampen mot plastforsøpling
- utvikle frivilligsentralen

Utvikle berekraftige bedrifter i kommunen

MDG Surnadal vil:

- oppfordre private bedrifter til å samarbeide med og nytte seg av lokale produsentar
- bidra til å utvikle et mangfaldig og framtidsretta næringsliv
- stimulere arbeidslivet og kommunen til å ta imot lærlingar og personar med nedsett funksjonsevne
- at minst 30 % av næringsfondet skal vere øyremerkt grøne næringar
- støtte etablering Bondens Marknad og ReKo-ring i Surnadal
- støtte opp om næring som vil etablere seg i grendene



Arbeide for ein sunn kommuneøkonomi

MDG Surnadal vil:

- sikre at Surnadal kommune tek ansvar og vektar miljøet ved innkjøp
- ha eit bevisst arbeid mot korrupsjon, også hos leverandørar og kontraktørar
- sikre at kommunale midlar og fond blir halde ute av investeringar i kol, olje, og våpenindustri
- at kommunen tek berekraftige val samt reduserer eige forbruk

STEM PÅ OSS!

1. **Eli Vullum**
Kvande
2. **Erik Moen**
3. Kjell Gunnar
Polden
4. Lisa Forslund
5. Trygve Roaldset
6. Lone Kvande
Brøske
7. Espen Fougli
Vraalsen
8. Ingrid Øyen
Sponàs
9. Joar Brakstad
10. Christel E. Bæverfjord
11. Torgeir Leivdal
12. Anders Polden
13. Siri Skjerve
14. Tore Kvande
15. Friederike Zwick
16. Trygve Megaard
17. Kathrine Langholm
Solheim



18. Henrik Blekken
19. Guro Strøm Solli
20. Lisbet Gausen
21. Ola Skjølvoll
22. Elisabeth Moen

